



Møteprotokoll for Utval for Areal, plan og miljø - styringsgrupper

Møtedato: 06.04.2022

Møtestad: Kommunehuset, Frekhaug

Møtetid: 09:00 - 15:00

Temamøte: Kommuneplanen sin arealdel

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle
Malin Helene Andvik	KRF	Utvalsleiar
Anne Grete Eide	AP	Nestleiar
Ingrid Fjeldsbø	H	Medlem
Kenneth Taule Murberg	H	Medlem

Forfall meldt frå medlem:	Parti	Rolle
Jogeir Romarheim	KRF	Medlem
Heine Fyllingsnes	H	Medlem
Ståle Hopland	UAVH	Medlem
Vigdis Villanger	SP	Medlem
Sveinung Toft	V	Medlem

Frammøtte varamedlemmer:	Parti	Erstatter medlem
Jon Vidar Sakseide	KRF	Jogeir Romarheim
Maria Faærø	UAVH	Ståle Hopland
Leif Gunnar Taule	SP	Vigdis Villanger
Marius Hellan Hindenes	V	Sveinung Toft

Følgjande frå administrasjonen møtte:

Sakliste

Saknr	Tittel
003/22	Godkjenning av innkalling og saksliste
004/22	Kommuneplanen sin arealdel - møte med statsforvalteren og utkast til planprogram



Møtereferat

Dato: 6. april 2022

Tid og sted: Kl. 9:00 – 15:00
Formannskapssalen Frekhaug

Bakgrunn: Andre møte i politisk styringsgruppe for kommuneplanen sin arealdel for Alver

Til stades: Utval for areal, plan og miljø og representantar frå administrasjonen. Representantar frå statsforvaltaren var til stades i bok 1 av møte.

Politisk styringsgruppe for kommuneplanen sin arealdel for Alver

Agenda

Introduksjon til dagen	Marte Hagen Eriksrud
Bok 1 – Møte mellom statsforvaltaren og politisk styringsgruppe for kommuneplanen sin arealdel	
Innleiing ved utvalsleiar	Utvalsleiar for areal, plan og miljø Malin Andvik
Innlegg ved statsforvaltaren	Rep. frå statsforvaltaren
Samtale og dialog	Ordstyrar; utvalsleiar
Bok 2 – Utkast til planprogram	
Arealreserve i gjeldande planar	Sondre Sognnes Haugen (utsett)
Framdrift og prosess	Kristin Nåmdal
Om utkast til planprogram	Marte Hagen Eriksrud
Arealinnspel	Marte Hagen Eriksrud
Medverknad og kommunikasjon	Line Thuen Waage
Bok 3 - Vidare prosess	
Planforum og vidare prosess	Marte Hagen Eriksrud

Bok 1 – møte mellom statsforvaltaren og politisk styringsgruppe for arealdelen for Alver

Innleiing ved utvalsleiar, Malin Andvik. Presentasjon frå statsforvalteren ved Egil Hauge og Hege Brekke Hellesøe. Denne delen er streama og ligg på saka. Følgjande tema var omtalt i samtale og dialog:

- Politisk handlingsrom
- Senterstruktur og verknaden av senterstrukturen
- Spreidd busetnad
- Bygdefornyng; korleis skal vi sikre vidare utvikling i bygdene våre? Busetting og arbeidsplassar.
- Hus nummer 2 på garden, driftsmessig grunnlag og frådeling
- Strandsoneforvaltning; forskjell mellom by og land
- Samarbeid mellom kommune og statsforvaltar. Dialog/rettleiing/avklaringar undervegs i planprosessen.

- Korleis skal vi arbeide for å vere attraktiv for dei som bur i Alver i dag, og tiltrekke oss nye innbyggjarar
- Kostnader ved spreidd utbygging; infrastruktur
- Kollektivtransport
- Medverknad
- Næringsstruktur og arbeidsplassar

Bolk 2 – Utkast til planprogram

Framdrift og prosess

Presentasjon av Kristin Nåmdal, tjenesteleiar for plan og analyse. Administrasjonen noterte seg følgjande tema/innspel/spørsmål:

- Framdrift er konsekvens av tidsbruk på planstrategien og samfunnssdelen.
- Bør vere mål om at det skal landast i denne kommunestyreperioden. I alle fall viktig at ein kjem so langt i planarbeidet at det ikkje vert rom for mange omkampar.
- Ønskjer oversikt over kor tid ulike tema er rullert. Viktig kunnskapsgrunnlag for å avklare eventuelle avgrensingar på kva innspel vi skal opne opp for i innspelsperioden
- Val om kva tema som skal rullerast eller ikkje

Utkast til planprogram

Presentasjon ved Marte Hagen Eriksrud. Administrasjonen noterte seg følgjande tema/innspel/spørsmål:

- Positive til utsending av planprogrammet i prosess.
- Spørsmål om det er mogleg å få tilgang til planprogrammet undervegs i prosessen.

Arealinnspel og planprosess

Presentasjon ved Marte Hagen Eriksrud. Administrasjonen noterte seg følgjande tema/innspel/spørsmål:

- Innspel på å opne opp for alle innspel for å få oversikt over kva folk er opptatt av. Må ikkje betyr at alle innspel vert lagt inn i planen.
- Innspel; opne opp eller sette føringar for kva innspel som er aktuelle å vurdere (gje føreseielege rammer)
- Spørsmål om utfordringar knytt til å ha høyring av planprogram og innspelsperiode på same tid.
- Innbyggjarar tek kontakt med politisk og etterspør kor tid ein kan kome med innspel. Mykje fokus på naust.
- Bør sikre ei styring av kva innspel vi opnar opp for, i staden for å opne opp for alt.
- Viktig å sikre at ein politisk og får god anledning til å gje innspel. At det ikkje berre vert ein innspelsstyrt prosess.

Medverknad og kommunikasjon

Presentasjon ved Line Thuen Waage.

Gruppearbeid

Inndeling i to grupper med gruppearbeid. Administrasjonen tek med seg innspel frå gruppearbeidet i den vidare prosessen med fastsetting av opplegg for medverknad og kommunikasjon.

- Diskusjon 1: Korleis få ut god informasjon om planprosessen?

- Diskusjon 2: Korleis engasjere innbyggjarar, utbyggjarar, lag og organisasjonar, næringsliv, barn og unge?
- Diskusjon 3: Kva aktivitetar for medverknad ønskjer de?

Administrasjonen noterte seg følgjande tema/innspel/spørsmål:

- Avis, plakatinfo på kjøpesenter/butikk, facebook, heimeside og snapchat.
- Spisse bodskapet slik at folk forstår.
- Informasjon på heimesida må ligge på framsida. Heimesida er viktig for å samle informasjon.
- Aviser er viktig; utvalsleiar må ut og profilere arbeidet.
- Forenkle språket og skape engasjement.
- Lage eit opplegg inn mot skulane for å nå barn og unge. Ha klart eit ferdig opplegg og kople det til demokrati og medborgarskap som paraply.
- Ambassadører ut til bygdene for å snakke om plan. God erfaring frå samfunnsdelen med å bruke ambassadører i bygdene for å få ut informasjon
- Kulturavdeling har oversikt over alle lag og organisasjonar; lag noe forståelig som dei kan sende vidare.
- Politikarane kan invitere seg sjøl inn til møter med lag og organisasjoner i bygdene.
- Møter på sentera og skular. Viktig å ikkje berre ha medverknad i sentera, også vere tilstades i til dømes Romarheim, Vikanes. Sende ut invitasjonar og også ha nokre digitale møter.
- Viktig å bruke kart, legge inn innspel i kart, litt dataspillinspirert løysing (samfunnsdialog). Må bruke eit anna namn enn «samfunnsdialog». Til dømes; Kva vil eg?
- Døme frå prosess med samfunnsdelen. La bygdelag invitere inn, kommunen sto på sida og observerte. Lokalmiljøverksted. Innbyggjarstyrt prosess. Tema 1, kva irriterer? Tema 2, kva ønskjer og behov har dere? – sjå på løysingar i kart.
- Vi må kartlegge kva som er viktig for folk; til dømes badeplassar og turområder.
- Må kople på den vidaregåande skulen meir enn i dag, både i Knarvik og på Austrheim. Det er dei som skal bu her i framtida. Ikkje kvar grunneigar med sitt innspel, men at bygda samla kjem med innspel.
- Må ha ei avklaring på kva som er mogleg å gjennomføre. Mange innspel som vil ta lang tid og krevje store ressursar. Vi må ikkje skape for mange forventningar.
- Folkemøter, politikarar/utval kan invitere seg inn til lag og org, gjerne fleire lag. Skule, vidaregåande, sentera, pensjonistlag, idrettslag,
- Lage kart kor folk kan putte inn sine drømmer; eit bilet over korleis folk ønskjer at utviklinga i kommunen skal vere.
- Konkurranse kor folk kan sende inn bilet og det dei er opptekne av. Har samfunnsdialog som klart verktøy.
- Viktig å vere fysisk tilstades.
- Verkstader med jobbing i kart; kor er det mest fornuftig å legge til rette for meir bustad, næring, naust, parkering til friluftsområder og kor er det behov for tiltak for å betre trafikktryggleik m.m.
- Medverknadsrapportene – kva har vi frå før, kan det sumerast opp på ein god måte?

Bolk 3 – Vidare prosess

Regionalt Planforum 26.april 2022 - utvalsleiar deltek

Nytt styringsgruppemøte i mai før politisk handsaming av forslag til planprogram, før høyring og offentleg ettersyn.

Møte om kommuneplanen sin arealdel for Alver

Egil Hauge
SFVL



Statsforvaltaren i Vestland



08.04.2022



Tema vi er utfordra på

Statsforvalterne sin rolle/mandat - særleg knytt opp mot kommuneplanprosesser

Sentrale lovverk og føringar:

- PBL/ KU/ROS, SPR-ane, NML, jordlov, viltlov, lakse og innlandsfisklov, vassressurslov, forureiningslov, folkehelselov, utdanningslov, sivilbeskyttelseslov, klimalov, mfl.
- Forskrifter, rettleiarar, ulike etatar sine rundskriv, t.d. om bruk av motsegn, t.d. T-2/16
- **PBL/ KPA samordnar, men set ikkje desse til side.**
- **Utviklingspotensiale til Alver kommune - korleis vurderer statsforvaltaren Alver kommune sitt potensiale?**
- Hege: Kva utfordringar har vi som kommune - utfordringar som vi bør forsøke å løyse i dette planarbeidet?
- Potensiale i samarbeidet mellom kommune og statsforvaltar - korleis kan vi jobbe betre saman?

Gode døme frå samanliknbare kommunar. (Voss..?)



Først: Det nasjonale biletet og Statsforvaltaren si pådrivarrolle

Stortingsmeldinga «Berekraftige byar og sterke distrikt» (18, 2016-2017) peikar på:

- *..befolkningsutvikling, regionale ulikheter og klima- og miljøvennlig arealbruk som de store utfordringene for byer og distrikter i dag og i tiden som kommer.*
- *..tydelig utviklingstrekk at byene kommer til å vokse, og det er ønsket politikk at distriktene skal styrkes gjennom befolkningsvekst, samtidig som nedbyggingen av knappe ressurser og fellesgoder som naturområder, dyrkbar jord, strandsoner, kulturminner og kulturmiljøer skal reduseres.*
- *Alver - «litt by og litt bygd..?»*



Oppdrag i SFVL sitt tildelingsbrev og hovudinstruks


- *Gjennom formidling av kunnskap og veiledning av kommunene skal statsforvalteren bidra til at kommunene iverksetter nasjonal klima- og miljøpolitikk i samfunns- og arealplanleggingen.*
- *Gjennom kommunedialogen skal statsforvalteren bidra til å redusere utslipp fra avløps- og landbruksforurensing, redusere klimagassutslipp, tilpasse samfunnet til klimaendringene og ta vare på naturmangfoldet.*



Det handlar om oppfølging av bærekraftsmåla

Bærekraftsmålene ble vedtatt av FNs medlemsland i 2015. Alle land har et ansvar for å oppfylle bærekraftsmålene innen 2030.

- Statsforvalterne har et særlig *ansvar for å følge opp bærekraftsmålene på sine fagområder*, og skal som en del av arbeidet *formidle relevant kunnskap til andre aktører i regionen*.
- Statsforvalterne skal som en del av *samordningsrollen* bidra til at bærekraftsmålene ses i sammenheng og aktivt bidra til mål 17 om *samarbeid for å nå målene*.
- *Nasjonale forventninger* til regional og kommunal planlegging for 2019-2023 slår fast at *planlegging er et viktig virkemiddel for å oppnå bærekraftsmålene*. Statsforvalteren skal bruke sin kunnskap om lokale og regionale forhold til å prioritere og følge opp bærekraftsmålene i tråd med regjerings politikk.





Omstilling til et lavutslippssamfunn

Norge skal omstilles til et lavutslippssamfunn.

Det handlar om å:

- *bidra til å redusere klimagassutslipp, inkludert å ta vare på karbonrike arealer som skog og myr, og tilpasse samfunnet til et endret klima i alle sine roller, spesielt som rådgiver overfor kommunene og i oppfølging av klimahensyn kommunenes arealplanlegging.*
- *Dei fleste av oss forflyttar oss minst ein halv gong rundt kloden kvart år..*



Reduksjon av klimagassutslipp – krav til kommunane og SF

- Følge opp statlige planretningslinjer for klima- og energiplanlegging og klimatilpasning, og bidra til reduserte klimagassutslipp, mer effektiv energibruk og miljøvennlig energiomlegging i kommunene.
- Følge opp kommunene slik at vurdering av effekt på klimagassutslipp, samt mål og tiltak for å redusere klimagassutslipp og energibruk, finnes igjen i relevante planer og enkeltvedtak etter plan- og bygningsloven og annet regelverk.
- Rettlede kommunene i hvordan arealplanlegging brukes for å redusere klimagassutslippene fra transportsektoren og fra endret arealbruk (avskoging, nedbygging av myr mv.)
- Vurdere om planforslag er i tråd med vedtatte nasjonale eller regionale mål, rammer og retningslinjer, rundskriv (osv.) på klimaområdet eller om det skal vurderes innsigelse.



Bevaring av naturmangfold

- *Tap av naturmangfold er både en global og en lokal utfordring. For å ta vare på økosystemene og den mest truede naturen er det nødvendig å se forvaltningen innen ulike sektorer i sammenheng.*
- *Statsforvalteren skal prioritere dette arbeidet, blant annet gjennom å bidra til at relevant kunnskapsgrunnlag om naturmangfoldet blir formidlet, forankret og integrert i alle sektorer, og ved å følge opp egne viktige oppgaver på feltet.*
- *Samlet skal statsforvalteren innsats bidra til at de nasjonale målene for naturmangfold kan oppnås.*
- *Skal vi oppnå dette må særlovane leggjast til grunn for planlegginga*

Vi veit:: Tap av leveområde og artar skjer bit for bit



Iumor Distrikt Mer ▾

09:13 Vestfold og Telemark Våre utvalgte TV Radio Vestfold Radio Telemark Tips oss

Advarer mot ny lov: – Viktige planter og insekter kommer til å dø ut

To sommerfuglarter er allerede borte. Biologer mener flere arter kan forsvinne dersom regjeringen åpner for mer bygging i strandsonen.



BYGDØY: Få steder er uberørt av mennesker langs Oslofjorden.



Rune Christoffer Holm
Journalist



Henrik Bøe
Innholdsutvikler

Publisert 23. feb. kl. 13:14

Disse fire sommerfuglartene levde ved Oslofjorden for tjue år siden.



Lakrismjelt-
blåvinge



Niobeperlemon-
vinge



Prikkru-
levinge



Klippe-
blåvinge

e av niobeperlemonvinge: Hectonichus - Own work, CC BY-SA 4.0
[s://commons.wikimedia.org/w/index.php?curid=55484179](https://commons.wikimedia.org/w/index.php?curid=55484179)

Nå er to av dem utslettet, og to andre står i fare for å bli borte.



Arealrekneskap – eit naudsynt virkemiddel?

«Et arealregnskap er et mulig verktøy som kan gjøre det tydeligere for kommunene hvor mye arealer de legger opp til at skal utbygges i årene fremover, samt skape en bevissthet om hvor mye dyrkbar jord eller områder med naturmangfold som blir borte.

Sammenstilt med befolkningsprognoser kan et arealregnskap bidra til at kommunene gjør en kritisk gjennomgang av sine arealreserver.»

- Ingen ville vel drive ein kommune utan eit økonomibudsjett og eit rekneskap..



For kommunane kan arealregnskap medverke til:

- å få *oversikt over arealendringar* over tid, og gje eit godt grunnlag for vurdering av måloppnåing med tanke på kommunale strategiar og mål for berekraft (miljømessig, sosial og økonomisk)
- å betre vurdere om det er ein *reell trøng for nye utbyggingsareal*
- å *rydde opp* i og fjerne urealistiske/ utdaterte/ ikkje berekraftige utbyggingsområde frå kommuneplanen
- å *styre* kvar veksten skal skje først og sist (rekkefølgekrav?)
- å *synliggjere verdien* i områda som evt. skal byggjast ned
- eit *grunnlag for å analysere* bustadutviklinga og befolkningsendringar, og konsekvensar for skatteinngang, behov for kommunale tenester og investeringar, blant anna skular og barnehagar
- eit *objektivt kunnskapsgrunnlag* for dialog med regionale styresmakter, politikarar og utbyggjarar



Vert no tilrådd av KDD (KMD)

Kommunal- og moderniseringsdepartementet

Veileder

Kommuneplanens arealdel

- *Departementet anbefaler at kommunene utarbeider et arealregnskap som del av kommuneplanarbeidet.*
- Metodikk er under utvikling (pilotar)
- Å starte no vil vere i samsvar med nasjonale mål og det kan bidra til betre planar/ mindre konfliktar
- Skal ein plan bli god, må han ha lokal forankring og vere tufta på lokal kunnskap og god medverknad
- Trekt fram som “eit must” - av m.a. Riksrevisjonen
- Fleire kommunar er i gang og nokre statsforvaltarar stiller allereie no klåre krav om AR ved forslag om nye byggeområde I KPA.
- Lykke til !

Den røde tråden

Hva er våre
utfordringer?

Hva skal
vi oppnå?

Hvordan skal
arealene
disponeres?

Hvilke
økonomiske
rammer?

Hva kan min
enhet klare?

Hva blir
resultatet?-->



Planstrategi
med utfordrings-
dokument



Kommuneplanens
samfunnsdel



Kommuneplanens
arealdel



Handlingsdel
med økonomiplan
og budsjett



Utviklingsplan/
årsplan



Årsmelding


Samfunnsdelen sine prinsipp for arealbruk gjev føringar

- Alver har attraktive senter og lokalsamfunn
- Alver har eit berekraftig næringsliv med Mongstad som landets fremste industriklyng
- Alver har eit rikt og inkluderande kulturliv, som er ei drivkraft i samfunnsutviklinga
- Innbyggjarane i Alver har god livskvalitet, trygge oppvekstvilkår og god helse

Vår kommune, vår framtid

Forslag til høyringsutkast

Kommuneplanen sin samfunnsdel 2022-2034



Planprogrammet er styringsvertøyet for planarbeidet

- Politisk – korleis vil vi at arealutviklinga skal vere?
- Regionalt og statleg nivå – kva er det Alver har behov for for å få til ei god arealutvikling
 - kva var vi einige om når vi starta arbeidet?
- Innbyggjarane - korleis kan vi få vere med?
- Administrasjonen – kva kunnskapsgrunnlag må vi få på plass?



Januar-juni
2022

- Arbeid med planprogrammet
- Oppstart
- 1 gangs politisk handsaming av planprogrammet


Juni-
september
2022

- Høyring og offentlig ettersyn
 - Planprogrammet
 - Innspelsperiode

Oktober/
november
2022

- Politisk fastsetting av planprogrammet

- Arbeid med planforslaget, inkludert handsaming av innspel, utarbeiding av kunnskapsgrunnlag, medverknad m.m.



Vi har
styringsverktøy i
dag

Kommuneplanen sin arealdel for Alver skal:

Erstatte dei seks kommunedelplanane for
Alver kommune

Samordne og oppdatere politikken som ligg
i dei seks gjeldande kommunedelplanane

Gje felles rammer for innbyggjarar og
næringsliv

Forenkle og effektivisere sakshandsaminga
i Alver kommune

Skal vi få til ein god plan

Må vi ha tid til gode prosesser

Administrative fagutgreiingar

Politisk forankring og styring

Dialog med lokalsamfunnet og
næringslivet i Alver





Kommuneplanen sin arealdel for Alver

Politisk styringsgruppe 6. april 2022



ALVER
KOMMUNE

Dagen i dag

Innlegg	Ansvar
Bolk 1 – Møte mellom politisk styringsgruppe og representantar frå statsforvalteren	
Innleiing ved utvalsleiar	Malin Andvik - Utvalsleiar for areal, plan og miljø
Innlegg ved statsforvalteren	Egil Hauge og Hege Brekke Hellesøe
Samtale og dialog	Utvalsleiar er ordstyrar
Lunsj kl. 11/11:30	

Dagen i dag - fortsetter

Bolk 2 – Utkast til planprogram	
Framdrift og prosess	Kristin Nåmdal
Om utkast til planprogram	Marte Hagen Eriksrud
Arealinnspel og planprosessen	Marte Hagen Eriksrud
Medverknad og kommunikasjon	Line Thuen Waage
Bolk 3 – Vidare prosess	
Planforum og vidare prosess	Marte Hagen Eriksrud





Utkast til planprogram



ALVER
KOMMUNE

HOVUDPUNKT

- Kva er eit planprogram og kvifor er planprogrammet så viktig?
- Gjennomgang av utkast til planprogram
 - Oppbygging
 - Hovudkapittel
- Sentrale avklaringar



Kommuneplanen sin arealdel

Utkast til planprogram, 1. april 2022

Vedlegg til møte i politisk styringsgruppe for kommuneplanen sin arealdel, møte 6. april 2022.



ALVER
KOMMUNE

Kva er eit planprogram og kvifor er planprogrammet så viktig?

- Alle planar med vesentleg verknad for miljø og samfunn skal ha eit **planprogram**, jf. plan- og bygningslova §4-1.
- Planprogrammet skal vise planområdet, føremål med planen, kva tema som skal vurderast, kva utgreiingsoppgåver som må gjennomførast, korleis planarbeidet er organisert, opplegg for medverknad og framdriftsplan.
- Forslag til planprogram blir sendt på høyring og blir lagt ut til offentleg ettersyn på same tid som varsel om planoppstart

Planprogrammet er ei «oppskrift» for kva planen skal omhandle og korleis planprosessen skal gjennomførast



Oppbygging av planprogrammet

- Kap. 1 Innleiïng
- Kap. 2 Organisering og framdrift
- Kap. 3 Medverknad og kommunikasjon
- Kap. 4 Hovudtema i planarbeidet
- Kap. 5 Arealinnspel
- Kap. 6. Konsekvensutgreïing og risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS)
- Kap. 7 Føringer for planarbeidet
- Vedlegg

Sentrale avklaringar – eit utval

- Prosess i samfunnssdelen – endringar etter høyring (senterstruktur, bygdeutvikling og spreidd busetnad)
- Kva utgreiingsbehov har vi i planarbeidet? – ferdigstille tabell i kapittel 4.6 i planprogrammet
- Korleis rigge samarbeid med parallelle planprosessar? – til dømes Kulturplanen og Strategisk næringsplan
- Kva føringar ønskjer vi å fastsette for arealinnspel?




Arealinnspeil og planprosess



ALVER
KOMMUNE

HOVUDPUNKT

- Arealinnspel; tidspunkt, føringar og prosess
- Viktig å sikre handlingsrom for politiske og administrative forslag til endringar av arealføremål gjennom planprosessen
- Alle endringar skal konsekvensutgreiast






1. AREALINNSPILL



2. GROVSILING



3. KONSEKVENSENTREDNING AV ENKELTINNSPILL



4. KONSEKVENSENTREDNING AV PLANENS SAMLA VIRKNINGER



5. PLANFORSLAG - KOMMUNEPLANENS AREALDEL

Invitasjon til å sende inn
arealinnspeil parallelt med
planprogrammet

Avgrensingar på kva
typer innspel det er opna
opp for og kriterier for
grovsiling blir omtalt i
planprogrammet



ALVER
Kommune




1. AREALINNSPILL



2. GROVSILING



3. KONSEKVENSENTREDNING AV ENKELTINNSPILL



4. KONSEKVENSENTREDNING AV PLANENS SAMLA VIRKNINGER



5. PLANFORSLAG - KOMMUNEPLANENS AREALDEL

Kriterier for grovsiling omtalt i planprogrammet

Alle arealinnspel vert vurdert opp mot kriteriene

Grovsiling blir lagt fram som sak (vedtak) i politisk styringsgruppe



Konsekvensutgreiing – eksempel på tema

- Forureining, klima og miljø
- Landbruk og jordressurser
- Naturmangfald, vassmiljø og verne vassdrag
- Landskap
- Nærmiljø, grøntstruktur og friluftsliv
- Klimatilpassing
- Strandsone
- Kulturminner og kulturmiljø, automatisk freda kulturminner
- Sosial infrastruktur
- Transportbehov
- Teknisk infrastruktur veg, vatn og avløp
- Samfunnstryggleik, risiko og sårbarheit
- Folkehelse
- Barn og unge

GRØNN	Ingen vesentleg konflikt innanfor vurderingstemaet. I nokre tilfelle kan det også vere positiv konsekvens av tiltak. Dette blir i så fall nemnt.
GUL	Mogleg konflikt som bør kontrollerast nærmere ved detaljregulering, eller konflikt som vurderast som innanfor det akseptable, så lenge det ikke er fleire vesentlege konflikter knytt til innspelet.
RAUD	Tydeleg/sterk konflikt innanfor temaet. Kan åleine vere grunn til at innspelet ikke vert tilrådd. Unntaket er om det finst fleire positive konsekvensar / sterkt behov for å likevel å tilrå tiltaket. Ved avbøtande tiltak eller arrondering av areal, kan konsekvensen verte endra.

Arealreserve i gjeldande planar

Kriterium som skal ligge til grunn for vurdering av urealiserte byggeområder (i prosess):

- Område/areal som ikke er utvikla sidan dei vart lagt inn i gjeldande kommunedelplan
- Område/areal som blir vurdert som mindre eigna grunna til dømes terrengtilhøve, fareområder, infrastruktur, klimatilpassing og omsyn til beredskap og samfunnstryggleik
- Område som er i konflikt med dyrka mark, friluftsliv, naturmangfald, verneinteresser, kulturmiljø
- Område/areal som ikke er i tråd med lokale, regionale og nasjonale føringer/overordna føringer

PLANPROSESSEN VIL OG GJE ENDRINGAR I AREALFØREMÅL

- Arealinnspel er i hovudsak innspel frå enkeltgrunneigarar og næringsaktørar
- Avgjerande at vi og sikrar ein god fagleg og politisk prosess for å få opp forslag til endringar for å få den arealdelen vi ønskjer oss
 - Knytt opp mot ny kunnskap basert på gjennomførte utgreiingar
 - Knytt opp mot medverknad i planfasen (verkstader og liknande)





Vidare prosess



ALVER
KOMMUNE

VIDARE PROSESS FRAM TIL 1. GANGS HANDSAMING AV PLANPROGRAMMET

Planforum 26. april 2022

- Utsending av underlag 20. april

Nytt møte i politisk styringsgruppe i mai

- Gjennomgang av tilnærma ferdig utkast til planprogram

Utval for areal, plan og miljø juni 2022 – 1 gangs vedtak av planprogrammet til arealdelen



Alver kommune sin nettside om kommuneplanen

[Heim](#) / [Plan, bygg og eigedom](#) / [Informasjon om plansystem og planprosesser](#) / [Kommunale planar i prosess](#) / [Kommuneplanen sin arealdel](#)

- [Alver kommune - Kommuneplanen sin arealdel](#)

Kommuneplanen sin arealdel

Innhald på sida

Organisering

Kva skjer til kva tid ?

Slik kan du kome med innspel

Kunnskapsgrunnlag

Presentasjonar

Arealdelen består av eit arealplankart, føresegner (bestemmelser) og ei planskildring. Planen seier korleis vi skal utvikle areala våre, kva vi skal leggje til rette for kor i kommunen, til dømes kor vi skal byggje nye hus, vegar, møteplassar og næring. Arealdelen skal sikre at arealbruken i kommunen bidreg til å bygge opp under mål og strategiar i samfunnssdelen.

Kommuneplanen sin arealdel er ein plan som styrar utviklinga av arealbruk i heile kommunen. Planen er juridisk bindande.

I tida fram til Alver kommune får ny kommuneplan er det dei eksisterande overordna planane i dei tidlegare kommunane Lindås, Meland og Radøy som gjeld. Desse er no kommunedelplanar i Alver.

[Trykk her for meir informasjon om desse planane.](#)



ALVER
KOMMUNE



Takk for i dag!



ALVER
KOMMUNE



Kommunikasjon og medverknad

APM – 6. april 2022



ALVER
KOMMUNE

Kommunikasjon

- Tidlig og tydeleg kommunikasjon – legg grunnlag for dialog og medverknad
- Alver kommune sin nettside:
 - Informasjon om planprosess
 - Medverknadsopplegg
 - Framdriftsplan
- Sosiale medier:
 - Facebook
 - Andre?



Medverknad

I Alver har vi høge ambisjonar for medverknadsarbeid:

- Målet er: nyskapande, kreative og inkluderande medverknadsprosessar som påverkar sluttresultatet.
- Nye metoder og verktøy: Innspel i kart?



Planarbeidet har to høyringsfasar:

1. Høyring av planprogrammet
2. Høyring av forslag til arealdel

Kva skal skje når? Medverknadsopplegg

1. Høyring av planprogrammet
 - Råd og utval. Eiga aktivitet knytt opp mot Ungdomsrådet? Andre?
 - Dialogmøte/temamøter?
 - Arealinnspel?
2. Planfase
 - Aktivitetar som engasjerer næringsliv, utbyggjarar, lag og foreningar, barn og unge
 - Arealinnspel?
 - Dialogmøter/temamøter
 - Verkstader
3. Høyring av forslag til arealdel
 - Aktiv høyringsfase?



I samfunnssdelen jakta vi på:

- Kven er vi?
- Kor skal vi?
- Korleis kjem vi oss dit?



ALVER
KOMMUNE




Melding frå folket

Innspel til ny samfunnsdel – 11.03.21



Nærserterverkstadar

Innspel til samfunnsdelen, 11.03.21




Samtalar med råda

Innspel til ny samfunnsdel, 11.03.21




Mitt Alver

Innspel til ny samfunnsdel, 11.03.21




Digital samfunnsdialog

Innspel til ny samfunnsdel – 11.03.21



Melding frå administrasjonen

Innspel til ny samfunnsdel, 11.03.21




Tenketauk med næringslivet

Innspel til ny samfunnsdel – mars 2021



ALVER
KOMMUNE

Kva er innbyggjarar opptatt av?



Fire hovudmål som fortel kor vi skal vere i 2040:

- Alver har attraktive senter og aktive lokalsamfunn.
- Alver har eit berekraftig næringsliv med Mongstad som Norges fremste industriklyngje.
- Alver har eit rikt og inkluderande kulturliv som er ein drivkraft i samfunnsutviklinga.
- Innbyggjarane i Alver har god livskvalitet, trygge oppvækstsvilkår og god helse.





Diskusjon i gruppe:

- Korleis få ut god informasjon om planprossen?
- Korleis engasjere innbyggjarar, utbyggjarar, lag og organisasjonar, næringsliv, barn og unge?
- Kva medverknadsaktivitetar ønskjer de?



ALVER
KOMMUNE